



Christian Radich gjennom Storsund i kveld

Fullriggaren Christian Radich frå Oslo gjekk gjennom Storsund i kveld, ikkje for motor, men med mange av segla oppe. Det er sjeldan vi ser så store seglskuter for segl inn Gavelen og gjennom Storsund. Tronge farvatn og den vanskelege kvinnersvinden lager problem. Segla vert som regel berga før dei kjem så langt inn i fjorden.

Christian Radich er ei av dei tre store seglskipa i Noreg.


Skuta er rett nok berre halve storleiken av Statsraad Lehmkuhl. Det er likeveleit vakkert syn når seglskuter med segl og mannskap i riggen kjem tett på gjennom Storsund.

Christian Radich vart bygd på Framnæs Mek. Verksted i 1937 som skuleskip tilein kostnad av kr. 610.000, eit stort beløp den gongen.

I krigsåra rekvirerte tyskarane skuta og brukte den til depotskip for tyske undervannsbåtar. Etter eit bombeangrep og store skader i 1944 sokk Christian Radich på hamna i Flensburg. I desember kom endeleg seglskuta attende til Noreg ille medfaren. Etter reparasjon på Nyland var skuta klar for nye oppdrag i 1947.

Christian Radich er kjend frå mange filminnspelingar med mellom anna Lasse Kolstad i ulike roller.

Tekst: Kristian Olav Bringedal
Foto: Ola Matti Mathisen



Christian Radich passserer Korsnes (Foto T.E.Taranger)